



Arkivnr: 2014/15940-4

Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.12.2015

Gjennomgang av "Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune" - politisk arbeidsgruppe

Samandrag

I følgje kommunelova § 39 nr.2 skal delegasjonsreglementet gjennomgåast minst ein gong kvar valperiode innan året etter at fylkestinget vart konstituert. Det er fylkestinget sjølv som skal vedta delegasjonsreglementet. Dette er og stadfesta i "Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune" under innleiingspunktet.

Med bakgrunn i det som vart gjort ved førre gjennomgang av delegasjonsreglementet finn fylkesrådmannen det hensiktsmessig at det i samband med arbeidet knytt til gjennomgangen av delegasjonsreglementet, som skal vera gjort innan utgangen av 2016, vert sett ned ei politisk arbeidsgruppe.

Forslag til vedtak

Til å gjennomgå og vurdera endringar i "Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune" oppnemner fylkesutvalet:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.11.2015

I følgje kommunelova § 39 nr.2 skal delegasjonsreglementet gjennomgåast minst ein gong kvar valperiode innan året etter at fylkestinget vart konstituert. Det er fylkestinget sjølv som skal vedta delegasjonsreglementet. Dette er og stadfesta i "Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune" under innleiingspunktet.

Kommunelova § 39 nr.2 1. og 2.ledd lyd:

§ 39. *Reglement. Arkiv.*

1. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv ved reglement nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.
2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.

I samband med fylkestingssak 75/11 - Styringsstruktur og delegasjon – tilrådingar frå tverrpolitisk arbeidsgruppe var tilrådinga frå styringsgruppa:

"Den tverrpolitiske arbeidsgruppa har så langt ikkje arbeidd med delegasjonsreglementet. Det kan synast mest føremålstenleg å ha ei mindre gruppe til å sjå på dette, med 3 – 5 medlemer."

I fylkesutvalssak 213/11 – møte 10.11.2011 vart det vald ei politisk arbeidsgruppe på 3 personar til å vurdera endringar i delegasjonsreglementet.

Med bakgrunn i det som vart gjort ved førre gjennomgang av delegasjonsreglementet finn fylkesrådmannen det hensiktsmessig at det i samband med arbeidet knytt til gjennomgangen av delegasjonsreglementet, som skal vera gjort innan utgangen av 2016, vert sett ned ei politisk arbeidsgruppe.